



Helse- og omsorgsdepartementet

MELDING OM VEDTAK

— Dykkar ref:

Vår ref
2014/1238-2

Sakshand:

Arkivkode:
G21

Dato:
11.09.2014

Høyringsuttale til forslag om å fjerne henvisning frå fastlege når kvinner begjærar abort.

Her følgjer særutskrift av Kommunestyret si sak nr.50/14.

Med helsing
Inger Johanne Uldal Kåsa



Seljord kommune

Arkiv: G21
 Saksnr.: 2014/1238-1
 Sakshand.: Kari Gro Espeland
 Direkte tlf.: 35065106
 Dato: 07.07.2014

Saksframlegg

Utval	Utvallssak	Møtedato
Kommunestyret	49/14	04.09.2014

Høyringsuttale til forslag om å fjerne henvisning frå fastlege når kvinner begjærar abort.

Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Høring - Forslag om å fjerne henvisning fra fastlege når kvinner begjærer abort
- 2 Høringsnotat

Saksutgreiing:

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høring forslag til endringer i fastlegeforskrifta og abortforskrifta. Forslaget inneber at fastlegar ikkje lenger skal skrive under på skjemaet der kvinna begjærar abort, og heller ikkje legge ved ei skriftlig henvisning.

Departementet foreslår også å presisere at fastlegar med felleslister bare kan fordele oppgåver seg imellom for å dekke opp for ubesette stillingar eller avtaleheimlar, ferie- eller anna fråvær eller av omsyn til kvaliteten på helsehjelpa. Ordninga med felleslister opnar ikkje for at fastlegar kan fordele arbeidsoppgåver seg imellom av samvitsgrunner.

Vidare føreslår departementet å tydeliggjera kommunen sitt ansvar for å sørge for at fastlegen sin praksis er i tråd med regelverket.

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Rådmannen si tilråding:

Saka leggst fram utan tilråding frå rådmannen.

Handsaming i Kommunestyret - 04.09.2014

Framlegg frå Ingunn Haugland (H):

Seljord kommune stiller seg positive til forslaget om å fjerne henvisning frå fastlegen når kvinner begjærer svangerskapsavbrudd.

Framlegget frå Ingunn Haugland (H) vart vedteke mot ei røyst.

Vedtak i Kommunestyret - 04.09.2014

Seljord kommune stiller seg positive til forslaget om å fjerne henvisning frå fastlegen når kvinner begjærer svangerskapsavbrudd.

Utskrift til:

Helse- og omsorgsdepartementet, postmottak@hod.dep.no